

SYKKYLVEN KOMMUNE
FOLKEHELSEOVERSIKT 2018



19.02.2018

Innhald

1. Innleiing	4
2. Samandrag.....	5
3. Befolkningsamansetting	6
4. Oppvekst og levekår	9
5. Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø	15
6. Skader og ulykker	18
7. Helserelatert åtferd.....	19
8. Helsetilstand.....	21

1. Innleiing

Folkehelse vil seie befolkninga sin helsetilstand og korleis helsa fordeler seg i ei befolkning. Folkehelsearbeid handlar om samfunnet sin innsats for å påverke faktorar som direkte eller indirekte fremjar befolkninga si helse og trivsel og reduserer dei faktorane som har negativ innverknad (jf. folkehelseloven §3).

Kommunen skal ha ei skriftleg oversikt over helsetilstanden i befolkninga og positive og negative påverknadsfaktorar på folkehelsa. Kravet er forankra i folkehelselova § 5. Forskrift om oversikt over folkehelsa fastset rammer og innhald i oversikten.

Kommunen sine ressursar og utfordringar skal identifiserast, konsekvensar og årsaksforhold vurderast, før mål og strategiar vert forankra i plan- og bygningsprosessar. Eit kunnskapsbasert og effektivt folkehelsearbeid føreset gode system for å skaffe slike oversiktar og til å vurdere og analysere desse. Kommunen skal vere særleg merksam på trekk ved utviklinga som kan skape eller oppretthalde sosiale- eller helsemessige problem eller sosiale helseforskjellar.

Kommunen sin kjennskap til helsetilstand og påverknadsfaktorar skal tene to hovudformål:

1. Oversikta skal vere grunnlag for avgjerder i folkehelsearbeidet som vert utøvd "frå dag til dag"; til dømes i samband med utforming av tiltak og tilsyn etter miljøretta helsevern eller revisjon av planar utanom det fireårige planløpet etter plan og bygningslova. Avgjerder skal også handle om å gå grundigare innanfor eit område som peikar seg ut som særleg utfordrande eller positivt.
2. Oversikta skal utgjere grunnlag for avgjerder i samband med langsiktig planlegging av folkehelsearbeidet, knytt opp mot prosessane i plan- og bygningslova.

Dette dokumentet er det første skriftlege oversiktsdokumentet over status for folkehelsa i Sykkylven kommune.

Oversikten er utarbeida av ei arbeidsgruppe med representantar for alle einingane i kommunen. Rådmann, kommunalsjefar og ordførar har fungert som styringsgruppe i prosjektet.

2. Samandrag

Nokre trekk ved folkehelsa i kommunen der Sykkylven avvik frå landet eller fylket:

Befolkning

- I aldersgruppa 45 år og eldre er delen som bur åleine lågare enn landsnivået.
- Nedgang i folketalet, nedgang i alle aldersgrupper under 67 år, auke i dei over 67.
- Større forventa negativ utvikling i forsørgjarbyrd enn fylke og land.
- Auka avhengighet av innvandring for å oppretthalde folketalet.

Oppvekst og levekår

- Kommunen har lågare arbeidsløyse enn fylke og landet.
- Tal sosialhjelpsmottakarar ligg under landssnittet.
- Delen barn (0-17 år) som bur i husstandar med låg inntekt, er lågare enn landsnivået. Låg inntekt er definert som under 60% av nasjonal medianinntekt.
- Del innbyggjarar med vidaregåande skule eller høgare utdanning er lågare enn lands- og fylkessnittet.
- Fråfall i vidaregåande skule er lågare enn for fylke og landet.

Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø

- Delen ungdomsskuleelevar som seier at dei er litt eller svært nøgde med lokalmiljøet, er lågare enn landsnivået.
- Prosentdel av ungdomsskuleelevar som er aktive i idrettslag er lågare enn for fylke og landet.

Helserelatert åtferd

- Overvekt ved 1.sesjon har auka meir enn for landet og fylket.
- Del kvinner som røyker har gått markert ned, men ligg framleis over fylket og landet.
- Ungdom som brukar snus og/eller har vore rusa ligg noko over fylke og landet.

Helsetilstand

- Muskel- og skjelettplager og –sjukdomar er hyppigare enn lands- og fylkessnittet.
- Legemeldt sjukefråvær var mellom det høgaste i fylket i 2017, og ligg over fylket og landet.
- Kommunen ligg under landssnittet for del sjukefråvær grunna psykiske lidingar.

3. Befolkningsamansetting

Folketalet er ein viktig indikator for utvikling. Endringar i folketalet har direkte innverknad på kommuneøkonomien då overføringar frå staten mellom anna er knytt til tal innbyggjarar i ulike aldersgrupper.

Framtidig tenestebehov er knytt til utvikling i folketal og endringar i aldersamansettinga. Endringar vil få verknad for alle kommunale einingar. Tenesteinnhald, kapasitet, kompetanse, bygningsmasse, arealbehov, infrastruktur og meir må tilpassast nye situasjonar.

Sykkylven kommune har hatt vekst i folketalet over lang tid. Veksten har vore svak seinare år, og er nå heilt avhengig av innvandring utanfrå.

Alderssamansettinga viser reduksjon i yngre aldersgrupper og vekst i dei eldste gruppene. Utviklinga kan få store konsekvensar for behov og utforminga av det kommunale tenestetilbodet i åra framover.




Figuren syner folketaletsutvikling sidan 2000 og prognose fram til 2030. Framskrivinga er basert på Statistisk sentralbyrå (SSB) sitt middelalternativ for utvikling, som er det tilrådde alternativet.

Folketalet flatar ut rundt 7600 innbyggjarar. Ein blir i stadig større grad avhengig av innvandring for å oppretthalde folketalet.

Innvandringa er den viktigaste drivaren for folketaletsutviklinga i kommunen dei siste 10 åra. Dei fleste av innvandrarane er arbeidsinnvandrarar frå Aust-Europa. Situasjonen er lik for Møre og Romsdal fylke. Svingingar i arbeidsmarknaden kan gi store endringar i innvandringa.

Alders- og kjønnsfordeling i kommunen i dag (2017), korleis den var i 2000, og prognosen for 2030.


Ei meir topptung pyramide synleggjer forventa auke i dei eldste aldersgruppene.



Forsørgjarbyrden utviklar seg meir negativt i Sykkylven enn for fylket og landet.

Forsørgjarbyrden er definert som forholdet mellom tal yrkesaktive (20-66 år) og tal eldre (67 år og eldre).

Endringar avspeglar prognosen for folketalutvikling og endra alderssamansetting i åra som kjem.



Viktigaste utviklingstrekk for Sykkylven er:

- Nedgang i folketalet dei næraste åra, utflating fram mot 2030.
- Nedgang i alle grupper under 67 år.
- Auke i gruppene over 67 år.
- Dårligare utvikling i forsørgjarbyrden samanlikna med fylket og landet.
- Auka avhengighet av innvandring for å oppretthalde folketalet.

Status: Folketalutvikling		Mogleg årsak	Mogleg konsekvens
Folketal	<p>Folketal 1.1.2017: 7 695 Folketal 1.1.2016: 7 675 Fødselsoverskot : 11 Netto innanlands flytting: -3 Nettoinnvandring: 13 Folketalsauke i 2016: 20 personar 12 kvinner 8 menn.</p> <p>Utvikling siste 10 år viser svak vekst 0 til +4,9%.</p> <p>Nyaste prognose frå SSB viser nedgang i folketalet dei komande 10 åra, og deretter stabilisering rundt 7600.</p>	<p>Folketalsauke i Sykkylven har i fleire år vore avhengig av innvandring.</p> <p>Fødselsoverskotet har variert mykje, men har siste 10 åra halde seg på positiv side. Trenden er svakt nedgåande.</p> <p>Fråflytting og studiar.</p> <p>For liten breidde i arbeidsmarknaden.</p> <p>Pendleavstand til Ålesund er for stor eller kostnaden for høg.</p> <p>Generell utvikling i svært mange distriktskommunar. Vekst skjer i stor grad i og nær byane. Ferje kan vere ein terskel for mange.</p>	<p>Kommunalt tenestetilbod må tilpassast færre innbyggjarar.</p> <p>Endra alderssamansetting vil føre til endra tenestebehov til dømes innanfor helse og omsorg.</p> <p>Kommunalt tenestetilbod må tilpassast færre innbyggjarar.</p> <p>Endra alderssamansetting fører til endra tenestetilbod. Skule og barnehage må tilpassast færre barn og unge.</p> <p>Fleire eldre vil føre til auka behov for helse- og omsorgstenester.</p> <p>Utfordringar å rekruttere nye arbeidstakarar både for kommunen og næringslivet.</p>
Alderssamansetting	<p>Prognosane viser auke i eldre og nedgang i barn, unge og yrkesaktive.</p>	<p>Arbeidsinnvandring skjer i gode tider med tilgang på arbeid. Svingingar i næringslivet vil derfor påverke utviklinga.</p>	
Innvandrarbefolkning	<p>1.1.2017: 781 personar Om lag 60% er arbeidsinnvandrarar frå Aust-Europa.</p>		

		Mogleg årsak	Mogleg konsekvens																		
Familietypar	<p>Hushald totalt 2017: 3184</p> <p>Dei største gruppene er:</p> <ul style="list-style-type: none"> -åleinebuande (1060) -par utan heimebuande barn (793). -par med barn 6-17 år (412) -par med barn under 5 år (332) -einfamiliehushaldningar med vaksne barn (302). <p>Utviklinga frå 2007 til 2017 viser:</p> <ul style="list-style-type: none"> -åleinebuande auka med 11%, til 1060. -par utan heimebuande barn auka med 28% -småbarnsfamiliar (0-5 år) har minka om lag 8%. <p>Fleirfamiliehushaldningar utan barn og med små barn har auka prosentvis mykje, ca. 25%, men utgjer berre vel 3% av samla familietal i kommunen.</p>	<p>Endringar i familie-samansettinga er ein generell trend i Norge. Fleire bur åleine ein lengre del av livet.</p> <p>Den demografiske utviklinga i kommunen tilseier at mange par er i ei fase i livet der borna har flytta ut for å studere eller arbeide.</p> <p>Færre småbarnsfamiliar er knytt til redusert busetting og tilflytting av rette aldersgruppa.</p>	<p>Endra familiestruktur kan gi endra bustadbehov, der fleire etterspør mindre, sentrale husvære.</p> <p>Fleire eldre vil truleg styrke dette behovet.</p>																		
Kvinner per 100 menn	<table border="1"> <tbody> <tr> <td>Sykkylven</td> <td>2007</td> <td>2017</td> </tr> <tr> <td>20-29 år</td> <td>92</td> <td>86</td> </tr> <tr> <td>30-39 år</td> <td>91</td> <td>95</td> </tr> <tr> <td>Møre og Romsdal</td> <td></td> <td></td> </tr> <tr> <td>20-29 år</td> <td>92</td> <td>89</td> </tr> <tr> <td>30-39 år</td> <td>95</td> <td>90</td> </tr> </tbody> </table>	Sykkylven	2007	2017	20-29 år	92	86	30-39 år	91	95	Møre og Romsdal			20-29 år	92	89	30-39 år	95	90	<p>Utviklinga i Sykkylven er ikkje ulik utviklinga for fylket.</p> <p>Generelt har fleire unge kvinner enn menn flytta frå regionen. Ein del er forklart med utdanning, mannsdominert yrkesliv og generelt låg attraktivitet.</p>	<p>Kvinneunderskot slår negativt ut på nyetablering og moglegheit for å oppretthalde og auke folketalet.</p>
Sykkylven	2007	2017																			
20-29 år	92	86																			
30-39 år	91	95																			
Møre og Romsdal																					
20-29 år	92	89																			
30-39 år	95	90																			
<p>Eksisterande helsefremmande og førebyggjande tiltak:</p> <p>Nye barneskule på Sørestranda, ny barneskule i sentrum under planlegging, ny ungdomsskule.</p> <p>Tilrettelegging areal for bustadbygging.</p> <p>Eige selskap for næringsutvikling.</p> <p>Folkehelseaktivitetar (Fjøre til fjells, eldretrim, turlag, trimgrupper, treningsstudio, friluftssenter, mm).</p> <p>Aktivt kulturliv med mange frivillige lag og organisasjonar.</p> <p>Kommunal lærlingordning.</p> <p>Kulturskule.</p> <p>Omsorgsbustader.</p> <p>Full barnehagedekking.</p> <p>Solid start – fellesprosjekt i alle barnehagar med fokus på livsmeistring og helse.</p>																					

4. Oppvekst og levekår

Oppvekst- og levekårstilhøve omhandlar både bu- og arbeidstilhøve, utdanning og økonomi. Oppvekst og levekår er viktige premisser for helse og livskvalitet. Gode vilkår for barn og unge i barnehage og skule, tilrettelegging for vaksne for inkluderande arbeidsliv og ei sikker inntekt er viktig. Levekår blir definert som eit samspel mellom individuelle faktorar, ressursar og dei moglegheiter ein har til å realisere desse på arenaer som skule, arbeid osv. Forsking har vist at det er samheng mellom inntektsnivå og helsetilstand. Låg utdanning og inntekt aukar sjansen for dårleg sjølvopplevd helse, sjukdom og for tidlig død, det vil seie sosial ulikskap i helse.

Busetting


Om lag 74 prosent av innbyggjarane bur innanfor ein av tettstadane i kommunen (Straumgjerde, Ikorntnes, Aursnes-Tjønes). Det er ein auke på 10% sidan 2000.

Litt over 60% bur innanfor i sentrumsområdet Aursnes – Aure – Tjønes.

Delen einebustadar er høg, men talet som bur i leilegheit aukar.

Endra familiestrukturar med fleire eine- eller få-personshushald vil truleg føre til auka behov for leilegheiter og andre mindre husvære.

Auka tal eldre kan gi auka behov for sentrumsnæra husvære, nær helsetilbod, butikkar, mm.




Arbeidsplassdekning og pendling

Sykkylven har ein arbeidsplassdekning på 93,5% (2.kvartal 2016). Det betyr at det er ei underdekning på 254 arbeidsplassar jamfør talet arbeidstakarar busett i kommunen. Samla ligg Møre og Romsdal på 96,7. Lågaste dekning er 61% (Nesset) og høgaste var 123% (Molde)

Om lag 330 personar pendlar dagleg til Ålesund medan over 100 personar pendlar til Stranda. Samstundes pendlar over 200 personar inn til kommunen frå Ålesund, og 115 personar frå Stranda.

Delen pendlarar inn har vore nokså stabil siste 10-året, medan andelen utpendling har auka. Auken går til Ålesund. Utviklinga avspeglar ulike arbeidsmarkadar, regional integrering, reisevilje, mm.



Næringsstruktur

Kommunen er rekna som næringsmessig svært sårbar grunna høg bransjespesialisering og høg hjørnesteinsfaktor. Høg grad av industriarbeidsplassar kan vere årsak til høgare grad av muskel- og skjelettskader enn fylket og landet.

Barnehagar

Sykkylven har 5 kommunale og 4 private barnehagar. Korte geografiske avstandar og forholdsvis god spreiring på barnehagane gjer at foreldra ikkje treng frakte barna langt til/frå barnehage.

Skulestruktur

Sykkylven kommune har 5 kommunale og 2 private barneskular, ein ungdomsskule/opplæringscenter og vidaregåande skule. Det er gjort vedtak om bygging av ny barneskule i sentrum. Denne skal erstatte 3 av dei kommunale skolane.

Status: Oppvekst- og levekårsforhold		Mogleg årsak	Mogleg konsekvens																
Bruttoinntekt, gjennomsnitt begge kjønn (2016)	Sykkylven: 399 300 M&R: 419 900 Landet: 441 200																		
Bruttoinntekt, gjennomsnitt kvinner (2016)	Sykkylven: 329 800 M&R: 334 700 Landet: 359 000																		
Bruttoinntekt, gjennomsnitt menn (2016) (SSB)	Sykkylven: 467 000 M&R: 501 800 Landet: 522 900																		
Arbeidsledige i % av all arbeidsstyrke Per august 2017 (Fylkesstatistikken 2017)	<table border="1"> <caption>Arbeidsledige i % av all arbeidsstyrke</caption> <thead> <tr> <th>Region</th> <th>Arbeidsledige (%)</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Møre og Romsdal</td> <td>~2,8</td> </tr> <tr> <td>Landet</td> <td>~2,2</td> </tr> <tr> <td>Sykkylven</td> <td>~1,8</td> </tr> </tbody> </table>	Region	Arbeidsledige (%)	Møre og Romsdal	~2,8	Landet	~2,2	Sykkylven	~1,8										
Region	Arbeidsledige (%)																		
Møre og Romsdal	~2,8																		
Landet	~2,2																		
Sykkylven	~1,8																		
Legemeldt sjukefråver 1.kvartal (Fylkesstatistikken 2017)	<table border="1"> <thead> <tr> <th></th> <th>2015</th> <th>2016</th> <th>2017</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Sykkylven:</td> <td>6,3</td> <td>6,7</td> <td>7,0%</td> </tr> <tr> <td>Fylket:</td> <td>5,8</td> <td>5,9</td> <td>5,8</td> </tr> <tr> <td>Landet:</td> <td>5,6</td> <td>5,4</td> <td>5,6</td> </tr> </tbody> </table>		2015	2016	2017	Sykkylven:	6,3	6,7	7,0%	Fylket:	5,8	5,9	5,8	Landet:	5,6	5,4	5,6	Industrikommune, større grad av belastande og/eller ein-sidig arbeid kan gi høgare sjukefråver.	
	2015	2016	2017																
Sykkylven:	6,3	6,7	7,0%																
Fylket:	5,8	5,9	5,8																
Landet:	5,6	5,4	5,6																
Uføre, Varig uførepensjon, prosentandel i aldersgruppe 18-44år (Folkehelseinstituttet 2017)	<table border="1"> <thead> <tr> <th></th> <th>2012</th> <th>2014</th> <th>2016</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Sykkylven:</td> <td>2,5</td> <td>2,7</td> <td>2,3%</td> </tr> <tr> <td>Fylket:</td> <td>2,1</td> <td>2,3</td> <td>2,5</td> </tr> <tr> <td>Landet:</td> <td>2,4</td> <td>2,6</td> <td>2,7</td> </tr> </tbody> </table>		2012	2014	2016	Sykkylven:	2,5	2,7	2,3%	Fylket:	2,1	2,3	2,5	Landet:	2,4	2,6	2,7		
	2012	2014	2016																
Sykkylven:	2,5	2,7	2,3%																
Fylket:	2,1	2,3	2,5																
Landet:	2,4	2,6	2,7																
Mottakarar av sosialhjelp per (KOSTRA 2016)	Tal sosialhjelpsmottakarar: 2006 121 2010 99 2016 110																		

	<p>Andel sosialhjelpsmottakarar i forhold til innbyggjarar i alderen 20-66 år:</p> <table border="1"> <thead> <tr> <th></th> <th>Landet</th> <th>Sykkylven</th> <th>%</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>2006</td> <td>4,6</td> <td>2,7</td> <td></td> </tr> <tr> <td>2010</td> <td>4,2</td> <td>2,2</td> <td></td> </tr> <tr> <td>2016</td> <td>4,2</td> <td>2,4</td> <td></td> </tr> </tbody> </table>		Landet	Sykkylven	%	2006	4,6	2,7		2010	4,2	2,2		2016	4,2	2,4		Låg arbeidsløyse er ei moglege årsak.	
	Landet	Sykkylven	%																
2006	4,6	2,7																	
2010	4,2	2,2																	
2016	4,2	2,4																	
Ekteskap og skilsmisser (SSB 2016)	<p>Tal skilsmisser viser ein tydleg synkande trend sidan 2000. Frå mellom 15 og 20 pr år rundt 2000, ligg talet siste fire åra mellom 5 og 10 pr. år. Tal inngåtte ekteskap er i snitt 32 pr. år frå 2000 fram til i dag, men talet varierer mykje frå år til år. Trenden er svakt synkande.</p>		<p>Einsemd, psykiske plager og dårlegare tilhøve mellom born og vaksne.</p> <p>Samlivsbrot er ein stor risikofaktor for born si utvikling</p>																
Barn av einslege forsørgjarar (FHI 2017)	<table border="1"> <tbody> <tr> <td>Sykkylven:</td> <td>14 %</td> </tr> <tr> <td>Møre og Romsdal fylke:</td> <td>14%</td> </tr> <tr> <td>Norge:</td> <td>15 %</td> </tr> </tbody> </table>	Sykkylven:	14 %	Møre og Romsdal fylke:	14%	Norge:	15 %												
Sykkylven:	14 %																		
Møre og Romsdal fylke:	14%																		
Norge:	15 %																		
Barn (0-17 år) i låginntekts-hushaldningar, prosentandel. (Folkehelseinstituttet 2017)	<table border="1"> <thead> <tr> <th></th> <th>2011</th> <th>2013</th> <th>2015</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Sykkylven</td> <td>7,3</td> <td>10,6</td> <td>9,4</td> </tr> <tr> <td>Fylket</td> <td>7,1</td> <td>8,7</td> <td>9,5</td> </tr> <tr> <td>Landet</td> <td>9,5</td> <td>11,0</td> <td>11,9</td> </tr> </tbody> </table>		2011	2013	2015	Sykkylven	7,3	10,6	9,4	Fylket	7,1	8,7	9,5	Landet	9,5	11,0	11,9		Låg inntekt gir redusert høve til deltaking fritidsaktivitetar, auka sjanse for sosial utanforskap, stress, mm.
	2011	2013	2015																
Sykkylven	7,3	10,6	9,4																
Fylket	7,1	8,7	9,5																
Landet	9,5	11,0	11,9																
Barnevernstiltak 2016	<p>Barn 0-17 år med barnevernstiltak:</p> <table border="1"> <tbody> <tr> <td>Sykkylven</td> <td>6,4%</td> </tr> <tr> <td>Fylket</td> <td>5,3%</td> </tr> <tr> <td>Landet</td> <td>4,9%</td> </tr> </tbody> </table>	Sykkylven	6,4%	Fylket	5,3%	Landet	4,9%	Tidlig identifisering og iverksetting av hjelpetiltak aukar sjansen for at barna klarer seg bra og fører til reduserte behov for meir omfattande tiltak	Risikofaktorar: Psykisk sjukdom hos foreldre, rusmisbruk, vald i heimen, foreldrekonfliktar eller at foreldra på andre måtar ikkje klarer å ta vare på barna på ein tilfredsstillande måte.										
Sykkylven	6,4%																		
Fylket	5,3%																		
Landet	4,9%																		
Andel i barnehage 1-5 år (Kostratal 2016)	<table border="1"> <tbody> <tr> <td>Sykkylven:</td> <td>94,1 %</td> </tr> <tr> <td>Landet:</td> <td>91,0 %</td> </tr> </tbody> </table>	Sykkylven:	94,1 %	Landet:	91,0 %	<p>Har full barnehagedekning med 1 hovudinntak pr. år</p> <p>Begge foreldre i arbeid gir auka del barn i barnehagane.</p> <p>Auka fokus på positive effektar ved å gå i barnehage, både i høve læring og sosial utvikling.</p> <p>Gode ordningar med redusert foreldrebetaling for familiar med lav inntekt.</p>	<p>Redusere sosiale forskjeller.</p> <p>Positivt for barns språklige og kognitive utvikling, særleg for barn i vanskelegstilte familier.</p> <p>Fremje læring, sosial utvikling, vennskap og fellesskap.</p>												
Sykkylven:	94,1 %																		
Landet:	91,0 %																		
Andel barn som får spesialpedagogisk hjelp i barnehage (enkeltvedtak)	<table border="1"> <tbody> <tr> <td>Sykkylven:</td> <td>6 % (2016)</td> </tr> <tr> <td>Norge:</td> <td>3 % (2015)</td> </tr> </tbody> </table>	Sykkylven:	6 % (2016)	Norge:	3 % (2015)	Kommunen har sterk fokus på tidleg innsats	Forsking viser at tidleg innsats har stor effekt, både samfunnsøkonomisk og for det enkelte menneske.												
Sykkylven:	6 % (2016)																		
Norge:	3 % (2015)																		
Andel barn som får tilrettelagde tiltak (Kostratal 2016)	<table border="1"> <tbody> <tr> <td>Sykkylven:</td> <td>16,7 %</td> </tr> <tr> <td>Norge:</td> <td>10,1 %</td> </tr> </tbody> </table>	Sykkylven:	16,7 %	Norge:	10,1 %	Hovuddelen av barn som får tilrettelagde tiltak er knytt til minoritetsspråklege barn (bruk av statlege øymerke tilskot til minoritetsspråklege midlar)	Reduserer behovet for hjelpe-tiltak seinare i livet, føre-bygger utvikling av tilleggsvanskar, reduserer fråfall i vidaregåande skule m.m.												
Sykkylven:	16,7 %																		
Norge:	10,1 %																		

<p>Fråfall vidaregåande skule, 2016/2017</p> <p>Gjennomføring 2016 – elevar (16 år) som er registrert i vidaregåande opplæring same år som avslutta grunnskule</p>	<p>Sykkylven: 2015/2016: Sykkylven vgs: 2,9 % Fylket: 3,8 % Norge: 3,8 %</p> <p>Sykkylven kommune: 98,2 % Kommunegr. 07: 98,9 % Nasjonalt: 98,1 %</p>	<p>Årsaker til fråfall kan vere psykiske eller psykososiale vanskar, manglande motivasjon, feil val av program, fysisk sjukdom, vanskelege heimeforhold, rusproblematikk, jobbtilbod, etc.</p> <p>«Kultur» for å ta vidaregåande utdanning kan vere låg i kommunar der det er lett å få jobb for ungdom, t.d. i industri eller fiske. Men med auka krav om spesialisering, har dette truleg endra seg. Sykkylven ligg under snittet på fråfall både i høve fylket og landet. Slik har det vore over tid, truleg på grunn av «lett tilgang» på vidaregåande tilbod både i kommunen og nærliggande kommunar.</p>	<p>Ved fråfall: -Sosial ulikskap, arbeidsløyse, utanforskap, få valmoglegheiter.</p> <p>Ved gjennomføring: Gode resultat gjer det lettare å kome inn på neste utdanningsnivå. Fleire valmoglegheiter.</p> <p>-Lett tilgang til utdanningsinstitusjon aukar sannsynet for at ungdom vel utdanning (vgs.)</p>																																				
<p>Trivsel i skulen (<i>Elevundersøking 2016-2017</i>)</p>	<p>Sykkylven kommune ligg svært likt andre kommunar på alle resultat.</p> <table border="1" data-bbox="432 920 820 1290"> <thead> <tr> <th>7. trinn</th> <th>Sykkylven</th> <th>Fylket</th> <th>Landet</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Trivsel</td> <td>4,2</td> <td>4,3</td> <td>4,2</td> </tr> <tr> <td>Meistring</td> <td>4,1</td> <td>4,1</td> <td>4,1</td> </tr> <tr> <td>10. trinn</td> <td></td> <td></td> <td></td> </tr> <tr> <td>Trivsel</td> <td>4,1</td> <td>4,2</td> <td>4,2</td> </tr> <tr> <td>Meistring</td> <td>4,0</td> <td>4,0</td> <td>4,0</td> </tr> <tr> <td>Vg1</td> <td></td> <td></td> <td></td> </tr> <tr> <td>Trivsel</td> <td>4,3</td> <td>4,3</td> <td>4,3</td> </tr> <tr> <td>Meistring</td> <td>4,0</td> <td>4,0</td> <td>4,0</td> </tr> </tbody> </table>	7. trinn	Sykkylven	Fylket	Landet	Trivsel	4,2	4,3	4,2	Meistring	4,1	4,1	4,1	10. trinn				Trivsel	4,1	4,2	4,2	Meistring	4,0	4,0	4,0	Vg1				Trivsel	4,3	4,3	4,3	Meistring	4,0	4,0	4,0		
7. trinn	Sykkylven	Fylket	Landet																																				
Trivsel	4,2	4,3	4,2																																				
Meistring	4,1	4,1	4,1																																				
10. trinn																																							
Trivsel	4,1	4,2	4,2																																				
Meistring	4,0	4,0	4,0																																				
Vg1																																							
Trivsel	4,3	4,3	4,3																																				
Meistring	4,0	4,0	4,0																																				
<p>Mobbing i skulen (<i>Elevundersøking 2016-2017</i>)</p>	<p>I 2016-17 svarte 1,5 % av elevane i kommunale barneskular at dei vart mobba av andre elevar på skulen. Av desse 1,5 % elevane opplevde 9,2 % at dette skjer 2-3 gongar i månaden eller oftare. For ungdomsskulen var talet 1,2 % som opplever å verte mobba.</p>	<p>Ei slik undersøking er eit augneblikkbilete av korleis elevane opplever mobbing og krenkingar. Overalt blir barn og unge påverka av korleis vi menneske snakkar med og om kvarandre. Påverknad via nett, TV-seriar og sosiale plattformer påverkar oss alle, og kanskje spesielt barn og unge. Samtidig har arbeid mot mobbing og alle former for krenkingar stort fokus på skular. Alle skulane har nulltoleranse for at slikt skal skje. Når det likevel skjer, skal det handterast, følgjast opp og løysast.</p>	<p>Opplevd mobbing eller andre krenkande opplevingar, kan få store konsekvensar for dei barn og unge som vert utsett for det på både kort og lang sikt. På den andre sida viser det seg at også barn og unge som mobbar eller krenker andre, også kan oppleve å få vanskar seinare i sine liv.</p>																																				
<p>Eksamenskaraktarar Trinn 10. 2016-2017</p>	<p>Avsluttande eksamenskaraktarar i grunnskulen ligg lik eller over lands- og fylkessnitt i 8 av 10 fag. To fag ligg likt med snittet.</p>	<p>Grunnskulane i kommunen har eit par år hatt ekstra fokus på leseferdigheiter og lesing i alle fag. Lesing er ein grunnleggande ferdigheit i dei fleste fag.</p>	<p>Resultata frå grunnskulen er viktige for vidare skulegang, både i høve konkurransen for å kome inn på ønska utdanning, og for at elevane har eit godt grunnlag til å</p>																																				
<p>Grunnskulepoeng,</p>	<p>Sykkylven 42,2</p>																																						

gjennomsnitt 2016-2017	Kommunegruppe 7 41,0 Fylket 41,3 Landet 41,4		meistre krava i vgs. og høgare utdanning/yrkesliv.																																																				
Lese- og rekneferdigheiter	Nasjonale prøver 2016/17: <table border="1"> <thead> <tr> <th>5. trinn</th> <th>Sykk.</th> <th>Fylket</th> <th>Landet</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Lesing</td> <td>50</td> <td>49</td> <td>50</td> </tr> <tr> <td>Engelsk</td> <td>51</td> <td>49</td> <td>50</td> </tr> <tr> <td>Rekning</td> <td>49</td> <td>49</td> <td>50</td> </tr> <tr> <td></td> <td></td> <td></td> <td></td> </tr> <tr> <th>8.trinn</th> <td></td> <td></td> <td></td> </tr> <tr> <td>Lesing</td> <td>47</td> <td>49</td> <td>50</td> </tr> <tr> <td>Engelsk</td> <td>48</td> <td>50</td> <td>50</td> </tr> <tr> <td>Rekning</td> <td>50</td> <td>49</td> <td>50</td> </tr> <tr> <td></td> <td></td> <td></td> <td></td> </tr> <tr> <th>9. trinn</th> <td></td> <td></td> <td></td> </tr> <tr> <td>Lesing</td> <td>52</td> <td>53</td> <td>54</td> </tr> <tr> <td>Rekning</td> <td>50</td> <td>53</td> <td>54</td> </tr> </tbody> </table>	5. trinn	Sykk.	Fylket	Landet	Lesing	50	49	50	Engelsk	51	49	50	Rekning	49	49	50					8.trinn				Lesing	47	49	50	Engelsk	48	50	50	Rekning	50	49	50					9. trinn				Lesing	52	53	54	Rekning	50	53	54	Alle barneskulane i kommunen var med i den statlege satsinga «Språkkommune» frå 2015-2017. Ungdomsskulen har satsingsområda «lesing i alle fag» og «klasseleiing» innanfor satsinga Ungdomstrinn i Utvikling i same periode. Over tid har resultatane på nasjonale prøver og andre kartleggingar vist at mange elevar har m.a. for låg leseferdigheit og leseforståing. Dette verkar inn på alle «lesefag», også rekning.	Dårleg leseferdigheit og leseforståing får følgjer i alle «lesefag». Fokus på ord og omgrep, fagspråk og lesestrategiar er viktig. For vidare utdanning og yrkesliv er gode leseferdigheiter og godt ord- og omgrepsforråd viktig. Ein møter tekstar i alle samanhengar, svært mykje i samfunns- og yrkesliv er digitalisert, det same er sosiale treffpunkt.
5. trinn	Sykk.	Fylket	Landet																																																				
Lesing	50	49	50																																																				
Engelsk	51	49	50																																																				
Rekning	49	49	50																																																				
8.trinn																																																							
Lesing	47	49	50																																																				
Engelsk	48	50	50																																																				
Rekning	50	49	50																																																				
9. trinn																																																							
Lesing	52	53	54																																																				
Rekning	50	53	54																																																				
